



Etnedal kommune

Saksframlegg

Mappe: 25/262
ArkivID: GBNR-133/71, K2-M45
Saksbehandler: Kari-Elin Solberg Saglien

Gnr 133 bnr 71 - Vedtak om pålegg om utbetring av avløpsanlegg

Saksopplysninger:

Etnedal kommune gjennomførte tilsyn med avløpsanlegget på gnr. 133 bnr. 71 den 27.07.2023. Tilsynet avdekte fleire manglar ved anlegget. Det vart registrert mykje slam i første og andre kum, høg vasstand og at tredje kum ikkje kunne opnast fordi loket var rusta fast. Kommunen hadde frå tidlegare motteke meldingar frå slamtømmar om dårleg filtergrøft, høgt nivå i kummane og manglande dykk på utløpet. Tilsynet konkluderte med at anlegget har behov for rehabilitering.

På bakgrunn av tilsynet sende kommunen tilsynsrapport 24.02.2025, og førehandsvarsel om pålegg om utbetring av avløpsanlegget 06.03.2025. I førehandsvarselet vart eigar varsla om at kommunen ville fatte vedtak om pålegg dersom avløpsanlegget ikkje vart rehabilitert innan 01.07.2026. Frist for å sende inn søknad om utsleppsløyve vart sett til 01.05.2026.

Valdres kommunale renovasjon (VKR) tømde avløpsanlegget 28.05.2026. Ved tømminga vart det registrert nye avvik i form av høgt nivå i anlegget og manglande løfte krok på tredje kum. VKR opplyste samstundes at dei var kjend med kommunen si oppfølging av saka og bad om ei oppdatering på status. Kommunen har ikkje motteke søknad om utsleppsløyve eller dokumentasjon som viser at avløpsanlegget er rehabilitert.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova §§ 7 og 49 pålegg Etnedal kommune eigar av gnr. 133, bnr. 71 å rehabilitere avløpsanlegget slik at eigedomen får eit avløpsanlegg som oppfyller gjeldande krav i forureiningsforskrifta kapittel 12.

Det blir sett følgjande fristar:

1. Fullstendig søknad om utsleppsløyve for nytt eller rehabilitert avløpsanlegg skal vere motteken av Etnedal kommune innan **1. oktober 2026**.
2. Godkjent avløpsanlegg skal vere etablert og ferdigmeldt til kommunen innan **1. juli 2027**.

Prosjektering og utføring av avløpsanlegget skal utførast av føretak med nødvendig fagleg kompetanse, og tiltaket skal dokumenterast i samsvar med gjeldande regelverk.

Dersom fristane i vedtaket ikkje blir haldne, kan kommunen varsle og fatte vedtak om tvangsmulkt etter forureiningslova § 73. Dette vil skje i ei eiga sak dersom pålegget ikkje blir oppfylt.

Vurdering

Etter forureiningslova § 7 pliktar den ansvarlege å unngå forureining og å setje i verk nødvendige tiltak dersom det er fare for eller oppstår forureining. Bustader med innlagt vatn skal ha eit avløpsanlegg som oppfyller gjeldande krav til reinsing etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

Kommunen vurderer at det er tilstrekkeleg dokumentert at avløpsanlegget ikkje fungerer tilfredsstillande. Dette byggjer både på tilsynet kommunen gjennomførte i 2023 og gjentekne meldingar frå slamtømmar over fleire år. Ved siste tømming i mai 2026 vart det på nytt registrert høgt nivå i anlegget, noko som viser at dei tidlegare avvika ikkje er retta. Manglande løftekrok på tredje kum gjer dessutan kontroll og vedlikehald av anlegget vanskeleg.

Eigar har fått tilsynsrapport og førehandsvarsel om pålegg, og har hatt over eitt år til å sende inn søknad om rehabilitering og gjennomføre nødvendige tiltak. Fristane er no utløpte utan at kommunen har motteke søknad eller dokumentasjon på at anlegget er utbetra.

Kommunen vurderer derfor at vilkåra for å gi pålegg om utbetring etter forureiningslova § 7 er oppfylte.